



**DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Energi og miljøkomiteen Stortinget
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
21/999-

Dato
7. april 2021

Representantforslag 148 s (2020-2021) om å stoppe innstrammingar i sjølaksefisket i 2021

Eg viser til brev frå Stortingets Energi- og miljøkomité 23. mars 2021 om representantforslag 148 S (2020-20201) om å stoppe innstrammingar i sjølaksefisket for den kommande fiskesesongen.

Innsiget av villaks til norskekysten er halvert dei siste tretti åra. Eit fleirtal av dei norske villaksbestandane er små og sårbare. Frå å ha vore klassifisert som "livskraftig", er villaksen no foreslått ført opp som "nær trua" på Artsdatabanken si raudliste.

For at den norske villaksforvaltninga skal vere berekraftig, må vi sikre at det berre blir fiska på dei laksebestandane som har eit produksjonsoverskot – eit haustbart overskot. Utgangspunktet for lakseforvaltninga i Noreg er at det er forbode å fiske anadrome laksefisk. Etter naturmangfaldlova kan ein likevel gje løyve til å fiske anadrome laksefisk frå bestandar som har eit haustbart overskot. Naturmangfaldlova set altså klare krav til oss som forvaltar villaksen: vi må kunne kontrollere kva bestandar som blir skatta og vi må vite at desse har eit haustbart overskot.

Vilkåret om haustbart overskot er avgjerande både for sjølaksefisket og for fisket i vassdrag. Dersom ein bestand ikkje har eit slikt overskot, vil det ikkje bli opna for fiske i det vassdraget han høyrer heime i. Svake og sårbare bestandar vil òg gje avgrensingar for fisket i fjordområda utanfor elvene. Men utanfor fjordane, i kystområda, er det fleire titals bestandar som blandar seg og det er ikkje mogleg å sikre at det ikkje blir fiska på bestandar frå vassdrag som ikkje er opna for fiske. Dei bestandane som treng ekstra beskyttelse er ofte små eller sårbare bestandar; nokre av desse er under reetablering etter kalking eller behandling for lakseparasitten *gyrodactylus salaris*. Vi kan altså ikkje sikre at sjølaksefisket


berre skattar bestandar med haustbart overskot, slik naturmangfaldlova pålegg oss. Derfor blei det i St. prp. nr. 32 (2006-2007) lagt til grunn at fisket i sjø måtte regulerast strengare enn fisket i vassdrag. Denne byrdefordelinga blei framheldt under reguleringsrunda i 2008.

Forvaltninga av villaksen skal vere basert på kunnskap. Kvart år legg Vitskapeleg råd for lakseforvaltning fram ein statusrapport for dei 199 største villaksbestandane. Dei resterande 250 bestandane har vi mindre kunnskap om. For den nojeldande reguleringa utarbeida rådet ein rapport med anbefalingar for sjølaksefisket, kor dei estimerte status for alle villaksbestandane. I kystregionane er det fleire titals små og sårbare bestandar som blandar seg og kan inngå i fangstane. Vitskapeleg råd for lakseforvaltning anslår at det er ein 97-100 prosent risiko for at små og sårbare bestandar blir skatta for mykje i sjølaksefisket i kystregionane. Vi har altså ein situasjon kor det er ein betydeleg risiko for irreversibel skade. Det pliktar oss til å ta den avgjerda som reduserer risikoen på best mogleg måte. Å utsetje å ta ei slik avgjerd, som representantane forslår, er i strid med føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova.

Det er ikkje eit ønske at laksefisket skal bli flytta frå sjø til vassdrag. Dette er ikkje noko vi jobbar for. Reguleringa av fisket i vassdrag er styrt av det same prinsippet som fisket i sjø. I den nojeldande reguleringa er berre drygt 400 elver opne for laksefiske, tidlegare var det over tusen. Derimot jobbar vi aktivt for at lakseforvaltninga skal vere berekraftig og i tråd med dei nasjonale og internasjonale pliktene våre. Vi forvaltar villaksen på bakgrunn av vitskapeleg kunnskap og grunnleggande prinsipp for naturmangfald.

Reguleringa av sjølaksefisket er resultatet av ein prosess som starta i desember 2019, og kor interesseorganisasjonar og rettshavarar har kome med innspel og undervegs. Forslaget var på høyring sommaren 2020. Det er altså ikkje slik at reguleringa kjem som ei overrasking rett før fiskesesongen.

Med helsing



Sveinung Rotevatn